

2019

Årsplan



Ea Kristine Bakken

Status

I dag

Vinje frivilligsentral fekk 1.august 2018 ny dagleg leiar i 100%stilling. Dagleg leiar er i gang med å vidareføre dei aktivitetane frivilligsentralen har drive, og informerer lag og organisasjonar om tilskot som kan vera av interesse.

I framtida

Det er viktig at me opprettheld god kontakt med frivillige lag og organisasjonar, slik at me kan befestе den synergiskapande rollen me har i lokalsamfunnet. Vidare må me stadig vere på utkikk etter nye arenaer me kan operere på. Me må hele tida følgje utviklinga i samfunnet slik at me også i framtida anses for å vera eit relevant bindeledd mellom frivilligheten og det offentlige.

Strategi

Me vil

Vere eit ressurscenter for alle typar frivillig aktivitet i Vinje kommune

Slik gjer me det

- Jobbe aktivt med tilskotsarbeid og Tilskuddsportalen.
- Delta aktivt i arbeidet med integrering av minoritetsgrupper.
- I samarbeid med lag og organisasjonar delta aktivt med å utvikle tilbod for å motverke einsemd blant eldre.

Me vil

Ha oversyn over den frivillige aktiviteten i kommunen og bidra til å gjere den synleg

Slik gjer me det

- Lage eit årshjul kor det kjem fram alle aktivitetane dei ulike laga og organisasjonane har gjennom året.
- Vere behjelpeleg i prosessen med å registrere seg på ViFritid

Me vil

Skape likeverd mellom dei som yter og dei som motteke.

Slik gjer me det

Møte mellom menneske

- Me skal være en konsekvent bruker av verdiane; samarbeid, ekte og raus.

Me vil

Legge til rette for sjølvhjelpsgrupper og møtestader som genererer trivsel og ny frivillig aktivitet i kommunen

Slik gjer me det

- Vere med på byggje opp under tanken om at frivillige skal vere frie og villige. Frivillighet lever av lyst og døyr av tvang.

Me vil

Starte opp og/eller drive aktivitetar og møteplassar saman med frivillige og på dei frivillige sine premissar.

Slik gjer me det

- Vere behjelpelig med søknadar gjennom Tilskuddsportalen, halde kontakt med Tenestetorget for å booke lokalar og vere med på å marknadsføre aktiviteten og møteplassane på kommunens heimeside, «kva skjer» portalen, ViFritid og Facebook.

Fokusområde

- Jobbe aktivt med Tilskuddsportalen og vidaresende informasjon til lag og organisasjonar om aktuelle søknader.
- Lage eit årshjul kor alle lag og organisasjonar sine aktivitetar kjem fram
- Halde eit oversyn til ViFritid og kontrollere at informasjonen her er oppdatert
- Vere ein ressurs for lag og organisasjonar, samt jobbe aktivt med alle aldersgrupper og kulturell bakgrunn

Aktivitetar sentralen vil vere aktiv i:

- Mødregruppa kvar tysdag kl. 10:00-14:00 på Trevet
- Øvelseskjøring for innvandraraknytt til Vaksenopplæringa
- Aktivitetsvenn for demente i samarbeid med Helse og omsorg
- Bokkassa i samarbeid med pensjonistforeninga og biblioteket
- Leseombud i samarbeid med pensjonistforeninga og Helse og omsorg
- NRK TV-aksjonen i samarbeid med Vinje kommune

- «Levande bok» i samarbeid med Folkeakademiet
- Språk-kafé i samarbeid med Folkeakademiet, Sanitetsforeininga og flyktningar
velkommen til Haukeli
- Strikke- og saume-kafé